

Nr	Søklar	Prosjektnamn	Søknadssum	Tilråding	Grunngjeving	Kort presentasjon av tiltaket/prosjektet	Totale utgifter
1	Strilabiblioteket, Alver kommune	Spelrom - rom for alle	35 000	35 000	Søknaden er i tråd med ordninga og er heilskapleg med overkommeleg budsjett. Det er positivt at prosjektet bygger på tidlegare erfaringar og er del av ei større satsing på spelrom og utvikling av bibliotekrommet..	Strilabiblioteket ønskjer å vidareføre integreringsarbeidet. Målet å lage eit spelrom der barn og ungdom kan samlast på tvers av språkbarrierar og ha det kjekt ilag.	72 110
2	Austrheim folkebibliotek	Spelglede på biblioteket	25 000	avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men kunne vore meir heilskapleg knytt til ei overordna målsetning ved bruk av spelrom i bibliotek. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.	Tilby dataspel og brettspel på biblioteket. Desse vert eit tiltak for å integrere barn på mellomtrinnet. Spel som ein positiv sosial aktivitet. Samarbeid med ungdomskoordinator og ungdomsklubben, og flinke ungdommar kan vere instruktørar og spreia spelglede.	25 000
3	Bremanger folkebibliotek	Spelrom på Bremanger folkebibliotek	50 000	avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men kunne vore meir heilskapleg knytt til ei overordna målsetning ved bruk av spelrom i bibliotek og aktivitet. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.	Etablere spelrom på hovudbiblioteket i Svelgen. Med eit spelerom ville truleg fleire, også etnisk norske, søkje mot biblioteket, og ein ville få ein møteplass på tvers av kulturar.	50 000
4	Etne bibliotek	Meet & make	23 990	avslag	Søknaden er i tråd med ordninga, men forslaga til innkjøp av utstyr er ikkje heilskapleg ut frå denne ordninga. Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.	Oppgradera spelutstyret. Etablere spelekrok for avdelinga i Skånevik. Den fungerer som eit ypparleg uorganisert tilbod for barn og ungdom i alle aldrar og bakgrunnar. Mange barn og unge stikk innom tilfeldig og treffast rundt spel. Utstyr til å utvida tilbodet for ungane som kjem innom. Planen er å laga til verkstader og turneringar i tilknytning til utstyret.	23 990
5	Fjaler bibliotek	Rom for spel i Fjaler folkebibliotek	50 000	30 000	Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med lokalt samarbeid og interessant konsept for å lage eit lokalt spelerom. Reduksjon i budsjett knytt til innkjøp av utstyr.	Målet for prosjektet er å skape ein uformell møteplass der unge på tvers av kulturar kan møtast og spele i lag. I hovudsak konsoll-spel, men vil også ha brettspel tilgjengeleg.	50 000

6	Fitjar folkebibliotek	Rom for spel	43 000	avslag	<p>Søknaden er i tråd med ordninga, men det blir ikkje gitt støtte til utbetring av lokale i denne ordninga.</p> <p>Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.</p>	<p>Biblioteket ønsker å vere med på å skape ein spelearena for ungdom som kan fungere som integreringsarena. Samarbeid med Ungdomsrådet og Ope hus i regi av Frivilligsentralen. Spel på biblioteket er eit fast innslag, og at biblioteket også i ordinær opningstid vil vere eit rom for spel og møteplass.</p>	50 000
7	Kvinnherad bibliotek	Me spelar på lag 2	50 000	30 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med planlegging av speltturneringar.</p> <p>Tiltak 1. Sosialt på Leselunden. Ikkje-digitale sosiale spel, vert ikkje prioritert i denne tildelinga.</p>	<p>Gjere biblioteket til ein morosam og inkluderande møtestad der nordmenn og innvandrarar kan møtest og gjere noko kjekt i lag. Arrangere ulike speltturneringar og speledagar med fokus på spel som sosial aktivitet. Vi vil tilby både digitale og ikkje-digitale spel med det til felles at fleire speler i lag.</p>	50 000
8	Osterøy bibliotek	Dataspel i biblioteket	16 500	avslag	<p>Søknaden er i tråd med ordninga, men søknaden kunne vore meir heilskapleg i skildring av planlagd aktivitet.</p> <p>Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.</p>	<p>Biblioteket ønskjer å kjøpe inn utstyr til å bruke dataspel i biblioteket. Utstyret vil brukas til spelarrangementet for ungdom, og vere tilgjengeleg for bibliotekbrukarane å benytta seg av på eige initiativ. Målet er å gjera biblioteket til ein meir attraktiv stad å vera for ungdom. Ønskjer å kunne gje universell tilgang på dyr underhaldning, som er viktig både kulturelt og sosialt.</p>	16 500
9	Stord folkebibliotek	Rom for møte/Digital utvikling av Stord folkebibliotek	49 846	35 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med vidareutvikling av konseptet makerspace og fokuset på digital utjamning og lokalt samarbeid.</p> <p>Reduksjon i budsjett knytt til innkjøp av utstyr.</p>	<p>Biblioteket ønskjer å skapa ein arena for nye landsmenn og norske barn og ungdommar å møtast. Barn og unge i dag har utvikla ein digital kultur som dei likar å bruka på fritida. P.g.a. at dette krev økonomi til å kjøpa inn utstyr, vil dette vere for dyrt for enkelte. Ein vil gje dei som ikkje har råd til dette høve til å få tilgang til å spele på biblioteket. I tillegg ønskje de at det blir eit møtepunkt for alle, sjølv om de har utstyret heima</p>	49 846

10	Tysnes folkebibliotek	Spelrom Tysnes folkebibliotek	50 000	avslag	<p>Søknaden er i tråd med ordninga, men vert ut frå prosjektplanen ikkje prioritert i denne tildelinga.</p> <p>Etter ei samla vurdering finn ein ikkje å prioritere støtte til dette prosjektet.</p>	<p>Biblioteket søker tilskot til møblar og spelutstyr for å gjere møterommet om til spelrom/ungdomsrom. Biblioteket vil at rommet skal bli ein møteplass for born og unge, og ein inkluderande arena for formidling og aktivitetar knytt til spel og spelkultur.</p>	68 000
11	Ullensvang bibliotek	Spilloteket	50 000	35 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. <i>Tiltak 3: Kompetanseutvikling</i> vert ikkje prioritert i søknaden. Kurs og kompetanse om spel vil inngå som fellestiltak i hovudprosjektet.</p>	<p>Biblioteket ynskjer å kjøpe inn spel, konsollar, og halda kurs for å bli betre på å tilby spel til brukarane, slik at biblioteket kan hjelpe til med å skape ein stad der ymse aldersgrupper og kulturar kan møtast til leik og læring.</p>	50 000
12	Voss Bibliotek	Geimar du?	50 000	35 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med samarbeid med andre aktørar i prosjektet.</p> <p>Tiltak om spelkompetanse vert ikkje støtta, og vil inngå som fellestiltak i hovudprosjektet.</p> <p>Reduksjon i budsjett knytt til innkjøp av utstyr.</p>	<p>Biblioteka i Voss herad ynskjer å skape rom for spel og gaming, på tvers av kulturell/ sosioøkonomisk bakgrunn, i biblioteka. Eit delmål i prosjektet blir å styrka dei tilsette sin kompetanse. Ein tek sikte på samarbeid med lokale og nasjonale aktørar. Lokalt er det samarbeid med Integreringstenesta, Røde Kors, ungdomsklubbane og datalinja ved Voss folkehøgskule. Nasjonalt er Medietilsynet og Bibliogames ønskelege samarbeidspartnarar /tenesteleverandørar.</p>	50 000
13	Øygardsbiblioteka	Spelrom i biblioteket på Straume	50 000	40 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Det er positivt at prosjektet er del av ei større satsing på spelrom og utvikling av bibliotekrommet.</p> <p>Reduksjon i budsjett knytt til innkjøp av utstyr.</p>	<p>Øygardsbiblioteka søker midlar for å lage eit spelerom på biblioteket. Dette skal vere ein plass der barn og unge fra alle bakgrunnar kan møtast og knytte band gjennom sine felles interesser for spel og teknologi.</p>	100 000
14	Årdal bibliotek	Rom for møte - spelerom i Årdal bibliotek	15 000	10 000	<p>Søknaden er i tråd med ordninga. Positivt med lokalt samarbeid.</p> <p>Tiltak om spelkompetanse vert ikkje støtta, og vil inngå som fellestiltak i hovudprosjektet.</p>	<p>Tilby spelrom med eit meir variert tilbod lokale teknologi-interesserte unge. Ei langsiktig målsetning er i større grad å nærme seg bibliotek i større kommunar med eit rikhaldig tilbod spissa mot unge, som til dømes Biblo Tøyen. Som ein del av dette</p>	15 000

						arbeidet vil biblioteket auke sin kompetansen innen spel og spelteknologi. Ein del av midlane vil dermed vere øyremerka kursing.	
--	--	--	--	--	--	--	--